



## Møteprotokoll frå årsmøte i Creo Vestland

**Dato: Søndag 13.mars 2022 kl. 17:00 – 18:00**

**Stad: Hotell Zander K, Bergen og digitalt via Zoom**

Det møtte 12 medlemer; 8 på Zander K og 4 via Zoom.

### 1. Godkjenning av innkallinga og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknadar.

### 2. Val av møteleiar, referent og 2 personar til å underskrive protokollen.

Desse vart valde:

Møteleiar:

Kjell Erik Husom

Referent:

John William Kay

Til å underskrive protokollen:

Tom Bratlie og Carina Bless

### 3. Godkjenning av årsmelding for 2021.

Kjell Erik Husom les opp årsmeldinga for 2021 som gav eit grundig bilete av arbeidet i regionlaget det siste året.

Det kom to merknadar frå Martin Shultz som vart tekne til følge:

- Datoen for årsmøte og kurs 2022 er feil: 13.mars, ikkje 15.mars.
- Irene Bjørke er no lydteknikar hjå Creative Technologies, Bergen

Med desse endringane vart årsmeldinga for 2021 godkjend.

### 4. Fastsetja rekneskap for 2021.

Kasserar William Kay presenterte rekneskapen for 2021. Året enda med eit mindreforbruk på kr. 58 024,35. Grunnen til dette var eit lågare aktivitetsnivå enn vi hadde rekna med, grunna koronapandemien. Det vart også presisert at sjølv om Creo Vestland Stipendfond er synleg i vår rekneskap, er dette eit fond med egne vedtekter og er dermed ikkje midlar som regionlaget disponerer fritt.

Rekneskapen vart godkjend utan merknadar.

## 5. Handsaming av budsjett og handlingsplan for 2022.

Kasserar William Kay la fram budsjettframlegget for 2022. Det vart kommentert at posten «sommarfest» burde heite «medlemstreff».

Med den endringa vart budsjettet for 2022 samrøystes vedteke.

Leiar Kjell Erik Husom presenterte deretter styret sitt framlegg til handlingsplan for 2022. Styret la ikkje opp til store endringar i handlingsplanen denne gongen. Vi opplever at med dei ressursane vil rår over så er det diverre ikkje mogleg å rekkja over alt som står i handlingsplanen, men meiner at det samla innhaldet utgjer eit viktig styringsverktøy for regionlaget.

Handlingsplanen for 2022 vart samrøystes vedteke.

## 6. Innkomne forslag.

Forslag frå Kjell Erik Husom om etablering av eigne vedtekter for Creo Vestland i tråd med tidlegare årsmøtevedtak og gjeldane praksis.

Etter innføring av nye normalvedtekter for Creo sine regionlag, har ikkje Creo Vestland utarbeidd eigne vedtekter. Årsmøtet handsama framlegget som var i tråd med normalvedtektene med lokale tilpassingar.

Etter innspel frå Silje Sandodden Kise vart punkt 2.3c endra ved at teksten «for ett år» vart fjerna.

Med denne endringa vart forslaget samrøystes vedteke.

## 7. Val

Martin Shultz la fram innstillinga på vegne av valnemnda.

I samsvar med valnemnda si innstilling var desse valde, samrøystes:

- **Leiar for to år:**
  - Kjell Erik Husom, Bergen (Spekter)
- **2 styremedlemer for to år:**
  - Knut Magnus Bøen, Bergen (KS)
  - Åse Marie Midtun (Student ved Griegakadamiet)
- **1 styremedlem for eitt år:**
  - Arne Toivo Fjose Sandberg, Bergen (Freelance)
- **2 varamedlemer for eitt år:**
  - Johnny Osberg, Alver (Freelance)
  - Christine Marøy, Førde (KS)

Til valnemnda vart Silje Sandodden Kise vald som nytt medlem for 3 år etter benkeforslag frå Brit Johnsrud. Martin Shultz leiar nemnda i komande årsmøteperiode og Brit Johnsrud held også fram som medlem.

Som delegatar til landsmøte i Creo 9.-11.november 2022 vart desse valde:

- Kjell Erik Husom, leiar (Spekter)
- John William Kay, nestleiar (KA)
- Irene Bjørke (Virke)
- Knut Magnus Bøen (KS)
- Åse Marie Midtun (Student)
- Arne Toivo Fjose Sandberg (Frilans)
- Reserve 1: Christine Marøy (KS)
- Reserve 2: Mari Hesjedal (Scenekunst) – benkeforslag frå Silje Sandodden Kise.
- Reserve 3: Johnny Osberg (Freelance)

*J. William Kay*  
*Referent.*

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 3 pages before this page

Dokumentet inneholder 3 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 3 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 3 sider før denne side

Detta dokument innehåller 3 sidor före denna sida

**John William Kay**

477142d3-dd94-4aef-a151-f728df6aa21e - 2022-03-16 13:22:33 UTC +02:00

BankID - 215c1293-8b02-4548-bf0e-222e96c8100e - NO

**Tom Birger Bratlie**

b9f0ea16-7120-4ef6-987d-d084937ac95b - 2022-03-16 13:25:17 UTC +02:00

BankID - 950965ae-4bf1-447c-88f1-519a128178d5 - NO

**Carina Olsen Bless**

aed7fdc9-09d3-4b61-b2ce-11904499a150 - 2022-03-21 00:17:34 UTC +02:00

BankID - bd8dc04f-5e29-4230-9294-b503120c8c38 - NO

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende